

Fra: Anne Grete Syslak <annegrete@oknordhordland.no>

Sendt: 30.03.2023 09:42:29

Til: Postmottak Fedje <postmottak@fedje.kommune.no>

Emne: Utbetaling av opplæringstilskot 2022

UTBETALING AV OPPLÆRINGSTILSKOT

Me er glade for å kunne orientera om at me for 2022 betalar ut 70% av opplæringstilskotet til våre medlemsbedrifter.

Me sender med ei samla oversikt over utbetalingane til alle verksemdene, saman med detaljinformasjon om di bedrift.

Opplæringstilskotet vil bli overført til Dykkar bedriftskonto: 3490 05 20400, onsdag 12.04.23.

Skulle kontonummeret vera endra, må me få ei oppdatering/tilbakemelding snarast.

Har De spørsmål eller ynskjer meir informasjon om utrekninga eller utbetalinga, så ver venleg å ta kontakt.

Til orientering: Tilskota som utbetalast frå fylket, for å ivareta den enkelte lærling, delast prosentvis mellom opplæringskontor og lærebedrift. Fordelingsnøkkelen vert vedteke av årsmøtet.

Alt tilskot vert utbetalt etterskotsvis frå fylket. Opplæringskontoret for Nordhordland har vald å ha utbetaling til medlemsbedriftene våre 2 gonger i året. I september 2022 betalte me ut 70% forskot på tilskotet for 2022. I april 2023 betalar me ut tilskot for heile 2022 (minus forskotet frå september 2022).

Døme: Om ein lærling startar i lære 01.08.22, vert første utbetaling til lærebedrift april 2023.

Ha ein strålande dag ☺

Med venleg helsing
Anne Grete Fenne Syslak
Kontormedarbeidar



tlf 56 34 17 30

annegrete@oknordhordland.no

www.oknordhordland.no